

# Region Sogn og Fjordane



Normisjon

Acta - barn og unge i Normisjon





**LEIAR**

## Eg? – ein leiar?

**Viste du at Acta barn og unge i Normisjon driv eit av fylkets største barne og ungdomsarbeid? At vi har 20 barnelag, og i tillegg har i snitt 15 leiarar kvart år? Dette betyr at det kvart år er kring 500 born og unge som får høyre om og lære om Jesus på våre aktivitetar! Det er stort å vere ein del av!**

**Etter ei alt for lang** periode med pandemi ser vi dessverre at også vårt arbeid ser konsekvensane av ei periode utan aktivitet og utan aktiv rekruttering av medarbeidrarar og frivillige. Både barnelaga våre og leirane vår er heilt avhengige av både unge og eldre leiarar som ynskjer å vere med å gje Jesus vidare gjennom våre fellesskap. Ungdata viser no at andelen som deltek i religiøst arbeid har gått ned med 30% under pandemien. Og det har vi ikkje råd til. Vi må sjå stort på arbeidet vårt, og vi må sjå stort på kva den enkelte har å bidra med.

**I skrivande stund** har vi nett avslutta vårleir kapittelet, og er samtidig på veg inn i sommarleirsesongen. Program skal sendast ut, leiarar skal skaffast, lister skal skrivast. Vi treng kjøkkenfolk, bibeltimehaldarar, aktivitetsleiarar, samtalepartnarar, brannansvarlege, badevakter, lovsongsleiarar, formidlarar av misjonsengasjement, forbedaren, fotballspelaren, bordtennisguruen, han med vaskekosten, ho som kan hente ballen ned frå taket, teknikaren, og ho som alltid er klar for ein prat over strikketøyet i peisestova. Vi treng dei alle for å nå visjonen vår om grensesprengande fellesskap der born

og unge møter, følgjer og ærer Jesus Kristus. Saman kan vi vere med å skape minner for borna, og saman kan vi få gje Jesus vidare til nye generasjonar. Viste du at DU er ein leiar? At du er unikt utrusta av Gud blant anna for å gje han vidare gjennom dine evner og gåver?

**I denne «leiaren»** ynskjer eg å utfordre deg på ei teneste som leiar. Anten lokalt eller i det regionale leirarbeidet. I kraft av å vere unikt skapt, unikt frelst og unikt utrusta kan du få lov til å ha trua på at du har noko å bidra med, anten du er 15 eller 87, eller noko der imellom.

**Gjennom å vere leiar** kan ein for eigen del få oppleve at ein har noko å bidra med, at ein er betydningsfull for andre, og at ein kan noko. Bli med å skap gode fellesskap for born og unge, bli med å sjå at vi saman kan gjere ein forskjell.

Du er ein leiar i kraft av dei evner og gåver du er utrusta med. Bli med!

**Vil du støtte oss med din grasrotandel?**

NORMISJON REGION SOGN OG FJORDANE

 Grasrotandelen



Org.nr: 971569581

 Norsk Tipping

## Sommar og fellesskap

**Kva er vel betre enn å kombinere sommar og sol med Jesusfellesskap, aktiviteter, latter og glede?**

### Grensesprengjande fellesskap

Acta barn og unge i Normisjon sin visjon er «grensesprengjande fellesskap, der barn og unge møter, ærer og følgjer Jesus Kristus». Denne visjonen er grunnlaget for det vi ynskjer med alt arbeidet vårt, tenk å få vere med å sprengje grenser! Acta består først og fremst av våre over 600 lokale fellesskap med tilsaman 19 000 medlemmar rundt om i landet. Rundt 20 av desse fellesskapa finn vi i Sogn og Fjordane. Dei ulike lokallaga har samlingar året rundt, og med fokus på fellesskap med Jesus gjennom ulike aktivitetar. Dette arbeidet er sett stor pris på, og er veldig viktig, men av og til er det kjekt å kunne samlast i enda større fellesskap der vi kan sprengje nye grenser og skape nye minner; Då er det kjekt å vite at vi no går leirsommaren i møte!

Å reise på leir inneber å overnatte heime

ifrå, å bli kjend med nye menneske, å finne på mykje saman, og ikkje minst å få høre meir om Jesus. Alt dette gjer at vi lærer noko nytt og får oppleve noko unikt – vi skapar grensesprengjande fellesskap. Vi ynskjer å bevisstgjere barn og unge at dei er elska og at dei har en enorm verdi. Derfor vil vi sette fokus på god undervisning med moglegheit for å bli betre kjent med Jesus, aktivitet som har fokus på fellesskap, og krydre det heile med ein stor dose latter og glede. Skal vi sjå grensesprengjande fellesskap, må enkeltmenneske få hjelp til å sprengje grenser i sitt eige liv.

Leirsommaren på Fjordy består av 5 leirar for ulike aldersgrupper. Frå 4 åringer til besteforeldre, ungdom og familiearbeid. Vi skal ha minileir, 2 tweensleiar, ein tenleir og ein familieleir. Førebuingane er godt i gang, og påmeldingane har starta. Vi gler oss! Aktivitetane på leir er mange, kanskje blir det gjørmefotball, «pip pip owææ», eller «Fomp»? Vi kan i alle fall love båt, kano og kajakk, bading, fotball, volleyball, bordtennis, biljard, god mat, peiskos, bålbrening, delekveldar, andakter, bibeltimar, litt sovn, spel, leik og latter!

Bruk gjerne vedlagte giro til å bidra økonomisk til dette arbeidet, eller bli med som deltakar, leiar eller i bøn. Vi gler oss til ein ny leirsommars, forhåpentleg utan pandemirestriksjonar...



## **Ein aktiv vår**

Denne våren har det skjedd mykje i Acta Sogn og Fjordane. Mange lag har starta oppatt etter pandemi-pausen, og vi tilsette har vore heldig og fått lov å besøke fleire av laga denne våren. Lagsarbeidet vårt strekk



seg frå Stadt i vest, til Hafslo i Sogn og Teigen i Sunnfjord. Det er kor, hobby og fritidsklubbar. Det har vore vanlege lagssamlings og basarar. Det har vore gode samtalar

med born og leiarar. Vi er så takksame for den innsatsen frivillige legg ned lokalt! Det å oppleve gleden dei enkelte fellesskapa har med kvarandre og med aktivitetane dei gjennomfører er inspirerande og motiverande. Viste du at vi faktisk har barnelag som mellom anna driv med rose malning av treprodukt? Kjellargjengen i Hafslo var eit av laga vi fekk møte denne våren!

Elles har vi regionalt fått gjennomført tre leirar denne våren. Tweensleir for 4.-7.klasse, Tenleir og 16+ leir. Både deltakerar og leiarar har meldt om gode dagar på leir, med ein god kombinasjon av Jesusfokus, god mat, lovsong, leik, spel, latter og moro. 16 + leiren er ein av årets «nyvinningar» i regionen. Eit konsept som har vore etterlyst blant dei eldste ungdommane våre etter mange år utan eige tilbod for dei. Palmenhelga var ein fin gjeng samla på Fjordly, og undervisning med «smågruppe-opplegg», refleksjonar, song, quis, bingo, og mykje tid til bare å vere saman må vi seie at dette konseptet nok er kome for å bli.


## **Nytt semester, nye moglegheiter**

Som nemnt går vi no sommaren i møte, og det er planlagt fem leirar denne sommaren. Mange av laga våre tek no sommarferie, og det er regionale og nasjonale arrangement

som tek over i sommarmånadane. Av nasjonale arrangement kan vi både nemne Respawn gamingcamp i Grimstad, The send, musikkverksted og skjærgårdsfestivalen som nokre av alternativa. Sjekk gjerne ut acta.no for meir informasjon. Leirane våre lokalt finn du info om og påmelding til på normisjon.no/sof.

Til hausten blir det også både lagsarbeid og leir. Etter ei lang pause satsar vi også på å få til leir på Teigen denne hausten. Så det er bare å begynne å gle seg til ein aktiv haust. Kanskje skal du og ditt Soul Children- kor på festival i spektrum i oktober?

Vi sjåast til eit aktivt år både lokalt, regionalt og nasjonalt! God sommar!



# Årsmøte Normisjon Sogn og Fjordane



Lovsangteam med Stian Stokkebekk, Vegard Tennebø og Torill Årseth.

Regionårsmøtet vart gjennomført på Førde bedehus 23.april. Eit nyoppussa bedehus gav ei fin ramme for dagen. Dagen starta med fellesskap gjennom gudsteneste, lov-song og felles middag. På gudstenesta vart og Jostein Bildøy offisielt sett inn som leiar av regionen. Hallgeir Solberg som er styreleiar i landsstyret til Normisjon var med oss denne dagen og gav oss tankar rundt det å «løfte blikket» som er temaet for alle landets regionårsmøter dette året.



Landsstyreleiar Hallgeir Solberg motiverte deltarane til å Løfte blikket.



Verksemdene i regionen presenterte arbeidet sitt, her ved dagleg leiar Eva Langseth på Holmely. Ordstyrarane Johan Olav Nyberg og Hildegunn Tennebø i bakgrunnen.

Årsmøtet godkjente også regionen si årsmelding og reikneskap for 2021, og nytt styre vart valt for den komande perioden. John-Olav Hoddevik vart attvald som leiar for regionstyret, og Aud Norunn Vig frå Florø kom inn som nytt fast styremedlem. Dei som gjekk ut av styret vart takka av med blomar.

Regionstyret ser no slik ut for den komande perioden:

Leiar: John-Olav Hoddevik, Sandane (2022-2024)

Faste medlemmar: Aud Norunn Vig, Florø (2022-2025) John Bjarne Geithus, Naustdal (2021-2024), Margrete Haug, Sogndal (2021-2024), Liv Årdalsbakke Bruland, Naustdal (2020-2023), Møyfrid Sømme Kvamme, Oldedalen (2020-2023), Stine Hopland (Tilsette representant 2022-2023)

Vara: 1. Marta Fimreite, Sogndal (2022-2023) 2. Anne Berit Refvik, Refvik (2022-2023), 3. Svein Helge Hovstad, Sandane (2022-2023).

Protokollen frå møtet kan du finne på normisjon.no/sof.

## Møtepunkt B

I løpet av dei siste månadane har vi fått ha årsmøte, samlast til gudstenester og hatt smågruppemøter som normalt. Det er heilt fantastisk! Kjensla er at no ligg eit opent og fritt landskap føre oss, og vi ber og spør Gud om kor han vil vi skal gå vidare.



### Påskeglede:

Vanlegvis har vi aldersinndelte barnegrupper i kjellaren under gudstenestene våre. Men nokre gongar i semesteret ønskjer vi å vere ilag alle saman. Palmesøndag fekk vi ei kjempegod oppleving av dette i eit nytt konsept vi har laga: «Alle Saman saman»: Dramaandakt, videoar og quiz og musikk og song vevast saman med mykje energi og i løpet av ein knapp time fylt av tru, glede og Jesus nærvær kjende vi på kor velsigna det er å få være kyrkje med alle generasjonar samla.

Dette semesteret har vi to nye taleseriar med smågruppeopplegg som alle kan nytte seg av, også utanfor det lokale fellesskapet på Sandane. Opplegg finnast på [www.motepunktb.no](http://www.motepunktb.no)



I **Norfellesskapet** har vi den siste tiden hatt mye fokus i ledergruppa på det at vi ønsker å være et tjenestebasert fellesskap. Norfellesskapet er noe vi gjør sammen. Alle hører til i fellesskapet og alle har noe å gi. Personlig tror jeg også at eierskap er viktig. I det man gir av sin tid til noe øker også eierskapet. Menigheten blir ikke bare en plass man går på søndagen, men det blir *min* menighet. Og det at akkurat «Jeg» eller «du» er tilstedet er vesentlig for menighetens liv. En av bønnene ledergruppa har for høsten er at vi kan satse mer på barnefamilier og at denne gruppen skal føle seg hjemme og trives hos oss. Så vær gjerne med å be om at vi kan få personer inn i fellesskapet som ønsker å tjene på dette området.

Norfellesskapet/ ved Stian Stokkebekk



## Fjordlyvennehelg - Venntreff vår og haust

Vippsnummer til Fjordly  
506518

Målgruppe: Vaksne - med og utan born

Datoar: 29 - 31 mai og 1 - 3 oktober

Hugsar du kor kjekt vi hadde det på leir i «gamledagar»?

Er det mange du berre ikkje rekk å treffe lenger? Sånn vert

vaksenlivet for så mange av oss. Venskapsband må pleiast. Det veit vi. Derfor arrangerer vi igjen Fjordlyvennehelg - ein slags venners venners treff der leirvener frå Fjordly kan møtest att. Ei helg med rom til å både mimre og lage nye minner. Laurdagsaktiviteten nyttast til dugnad der ein vel seg dugnadslag etter interesse. Det vert ikkje eige barneopplegg, men barnepass-gruppa organiserer fellesaktivitetar under dugnaden. Kveldane nyttar vi med kvarandre og Jesus. Det blir god mat, leirtipp, korssamling, lovesongsband, peiskos m.m. Søndagen avsluttast med møte og søndagsmiddag. Prisen vert lav fordi leiren gjennomførast som spleiselas der alle hjelper til. Ring vennane og kom heim på Fjordlyvennehelg. Vi har sakna kvarandre. Pris: Vaksne frå kr 850 – 1.150. Born halv pris. Born 0-4 år gratis.

Varm vennehelsing  
Hildegunn Vederhus



Vippsnummer  
til Holmely  
506517



## Vår på Holmely

Det er så rikt og kjekt å åpne opp for fellesskap igjen! Det har vi fått erfare denne våren. I januar hadde vi ei flott bønnehelg med en gjeng i fra styret og andre som er i bønnjetjeneste rundt Holmely! Godt å komme sammen og løfte blikket oppover og framover! Kari Holmås underviste. I februar var vi samlet rundt temaet «*I sjesesorg hos Jesus*», også med Kari Holmås. Sterk helg med godt og nært fellesskap, viktig og sunn formidling! I slutten av april hadde vi helg med Kurt Hjemdal «*I Guds omsorg*! Rundt 20 deltok på hele helga og vi var opp i 40 på de åpne samlingene. Stødig og god forkynnelse og godt fellesskap! Gjestemusikant som Harry og Margot Andersen og Hilde Gjengedal var med oss gjennom helga! Ellers kan vi se tilbake på en fin *Stille dag* før påske, et vellykka prøveprosjekt med «påskeleir» for lokale familier, ulike kveldsarrangement og fornøyde utleie-gjester!



# INNNVIK FJORDHOTEL

Misjonsheimen



Sidan vi opna har vi hatt bra stor aktivitet for å vere på denne årstid. Det starta med loppemarknad, arrangert av Støtteforeininga. Mykje lopper var til sals, og mykje folk var innom. Resultatet vart ca 20.000,-.

I påska var det nesten fullt hus. Kurt og Reidun Hjemdal tala, kåserte og leia, og Eva og Hans Gjesdal song og spela første dagane. Etter at dei reiste, spela Marit Underhaug piano, og Magnus Aarseth song. Det var fine og gode dagar, både vermessig åndeleg.

30. april hadde vi dugnad ute. Det vart gjort stor innsats med å rydde badestranda for tang og tare, rense bed, rake, beskjære, få veden inn i naustet og beskjære buskar og tre.

I tillegg har det vore nokre arrangement og selskap, ein del catering og diverse småtteri. Nokre arbeidarar bur her fast no, og vi har hatt litt turistar.

## Oppdateringar på nettsida vår

The screenshot shows the homepage of the Normisjon website. At the top, there's a header with the Normisjon logo and a search bar. Below the header, a large blue banner says "Velkommen til region Sogn og Fjordane" and "ARRANGEMENTSKALENDER". To the right of the banner is a photograph of a scenic fjord with mountains in the background.

### Arrangementskalender

I samarbeid med leverandøren Checkin.no vil det no vere lettare å finne arrangement som krever påmelding på nettsida vår. Det er rett og slett å trykke på første bildet når du går inn regionen si framside.

Ved påmeldingar som krev betaling tilbyr vi vipps, kort eller faktura direkte. For regionen er gevinsten at vi reduserer tal dagar til administrasjon av arrangement i løpet av året.

### Bla deg gjennom regionbladet på skjerm

Frå første nummer av det nye regionblad-formatet kan du no velge om du vil laste ned fd-versjon og lese i Adobe Acrobat, eller bla deg gjennom og lese bladet digitalt på din skjerm. Via leverandøren issuu.com kan du no velge å lese bladet i første format som dukkar opp, velge fullskjerm-format eller forstørre det ytterlegare inn på artikkel. Det skal med andre ord vere muleg å lese for dei fleste.

### Oversyn tilsette:

Det skal dessverre ikkje vere lett å finne tilsette i regionen på nettsida vår. Men vi arbeider med saka. No er det fleire enn før som vi har fått synlege der. Dei som blir synlege her er personar som er tilsette med Normisjon region Sogn og Fjordane som arbeidsgjevar. For oversyn over einingane våre sjå i høgremenyen under «Vi er stolte av».

Vippsnummer til  
Teigen 566268

# 118.000 loddkroner til Teigen!

For andre år på rad  
er det arrangert Tei-  
genlotteri og basar  
på Teigen. Og folket  
svikta ikkje!




I løpet av våren har vi til stadiheit fått påminningar på Facebook og mail om at det pågår lotteri på Teigen. Også i år kunne vi stolt presentere ei variert gevinstliste med kun heilt uunnværlege gevinstar! Og det er ikkje så vanskeleg å selge lodd når det er så mykje som freistar. 30. april arrangerte vi trekking av lotteriet og basar på Teigen. Her bugna det både på gevinstbord og kakebord. Det var mange barn og besteforeldre som sikla på trøtraktoren! Og dukka med vogn og ein heil garderobe var ikkje mindre populær! Og dei drøyt 70 frammøtte svikta ikkje når vi kom til åresal og basaren. Store og små danderte ivrig rekker med årar fram-



for seg, og dei mange basargevinstane fekk fort bein å gå på!

Over 10.000 lodd vart sold på Teigenlotteriet i år, og vi gratulerer alle dei heldige vinnarane! I høve årets basar, har Teigen tatt steget å skaffe seg sine eigne årar. 10.000 nummer er no jamnt fordelt på 1000 tungespatlar. Dette betyr berre ein ting,- det er ikkje siste gongen det vert basar på Teigen!





Sunnfjord Folkehøgskule ønskjer at alle skal kunne gå på folkehøgskule. Mange ville ikkje kunne greie det heilt utan vidare, og det er dumt, for det står i Lova at folkehøgskule skal vere for alle.

Det er mange ulike behov for tilpasningar for å gjøre det mogleg, nokon treng støtte i undervisninga, andre mest på fritida.

Nokon treng hjelp med daglege gjeremål, andre med å flytte seg rundt. Atter andre treng støtte i det sosiale fellesskapet. Nokon har bruk for tilpasning på fleire område, andre treng kanskje å løyse kun ei utfordring.

Vi har kvart år elevar som treng støtte til ein del av dei vanlege og daglege gjeremåla. Nokre av desse treng også to år på folkehøgskule for å få fullt utbytte av opplegget.

Fleire folkehøgskular har eit avgrensa tilbod der ein set saman ei gruppe elevar, gjerne kalla Bu og fritid eller liknande. Dette er eit fint tilbod for dei som passar inn i dette opplegget. Sunnfjord folkehøgskule tek konsekvensen av at elevar har ulike behov for tilpassing, og desse elevane har som dei andre ulike ønskje om kva linje dei vil gå på i løpet av skuleåret.


Difor laga vi Tilpassa Sunnfjord, eit tilbod ein kan søke på og likevel vere elev på ei av dei ordinære linjene.

For å gjøre dette mogleg, bruker skulen midlar som ein får tilført frå NAV og av og til fylkeskommunen til å løne fagarbeidarar og miljørbeidarar. Pr i dag er det tilsett ein koordinator, ein soshonom og ein barnevernspedagog i tillegg til assisterantar.

Vi har også tilbod for einslege mødrer med avtale om barnehageplass i Solvang barnehage, som ligg på skuleområdet. Dette tilboden har kun hatt ein søker så langt.

Dersom du kjenner nokon som har behov for eit tilpassa opplegg på folkehøgskule, så kan dei ta kontakt. Det må skje i god tid, så no er ei fin tid å førebu skuleåret 2023-24.





Fjordly barnehage har ledige  
barnehageplasser fra august  
2022

Søknadsskjema finner du på:

<https://web-parent.prod.vigilo-oas.no/start-application/stad>

Dersom du ønsker informasjon eller avtale  
om besøk så kan du ta kontakt på:  
E-post: [Styrar@fjordly-barnehage.no](mailto:Styrar@fjordly-barnehage.no)  
eller tlf 57853395

# Internasjonal misjon: Veien ut av fattigdom



– Behovet for å ha en jobb å gå til strekker seg lenger enn bare mat på bordet, sier Mirjam Artmark Aanensen i Normisjon.

**Tekst: Kristin Winther Jørgensen/Normisjon**  
**Foto: Normisjon**

Mirjam Artmark Aanensen er landansvarlig i Normisjons internasjonale avdeling og er blant annet utdannet sosionom.

Som landansvarlig for Normisjons arbeid i Senegal, Mali og Bangladesh, vet Mirjam Artmark Aanensen at det å ha inntektsbringende arbeid er helt vesentlig for alle mennesker.

– Å ha en jobb å gå til sørger ikke bare for penger, men også mening, retning, fellesskap med andre - og ikke minst flere muligheter i livet, sier Artmark Aanensen.

Hun forteller at gjennom å tjene penger, har man større bestemmelsesrett over eget liv.

– Da har man også mer rom til å ta avgjørelser for seg selv og for de rundt seg. Gjennom flere prosjekter, blant annet ICCB (Integrated-Program for Community Capa-



city Building), jobber Normisjon for å styrke minoriteters sosiale og juridiske rettigheter og slik løfte frem deres egenverd i Bangladesh.

## Veien ut av fattigdom

Artmark Aanensen har sett mange eksempler på at veien ut av fattigdom går gjennom inntektsgivende arbeid.

– Det er fantastisk å høre historier om mennesker som har fått hjelp til å komme seg ut av fattigdom og inn i arbeid. Særlig jobber vi med denne problemstillingen, og disse mulighetene, i Bangladesh. Der samarbeider vi med Normisjon Bangladesh og Northern Development Foundation (NDF). Begge disse legger til rette for at mennesker kan motta yrkesopplæring og siden ta opp mikrofinans-lån og starte opp egne prosjekter eller arbeide i en etablert bedrift, sier Artmark Aanensen.

Normisjon Bangladesh driver blant annet en syskole, som gir søm- og yrkesopplæring til 18 jenter hvert halvår. Her får «drop out» jenter mulighet til å lære et yrke.

## Kjærlighet til de «vellykkede»

I Bangladesh har fattigdom ett spesielt utfordrende mønster:

– Vi hører historier om at barn som er smarte og kvikke får den beste oppfølgingen og mest kjærlighet fra foreldrene. Det



Sokhina Tudu er en av jentene som har fått søm- og yrkesopplæring ved Normisjon Bangladesh sin syskole. Etter kurset fikk hun sin egen symaskin og var raskt i gang med å bidra til familiens inntekt. // Slik kan det se ut når mennesker kommer seg ut av fattigdom og inn i arbeid.



er fordi foreldrene tenker at disse barna kan gi økonomisk hjelp til foreldrene når de blir gamle. Omsorgen er derfor gitt med en baktanke i disse tilfellene, sier Artmark Aanensen.

Hun forklarer at de barna som ikke ansees som fremtidige ressurser, blir nedprioritert og får mindre kjærlighet enn de «vellykke-de». Slik preger fattigdomssirkelen generasjon etter generasjon.


– Ikke bare er dette veldig trist, men det gir

oss også en forståelse av hvordan systemet fungerer der, og på hvilke måter vi kan være med på å legge til rette for å tenke og handle annerledes. I mange land som ikke har sosialhjelp slik vi har i Norge, der familiene lever tett på hverandre i grupper, er de avhengige av inntekten fra enkeltpersoner. Storfamiliene har ofte få inntekts-bærende personer, og dette er et tungt ansvar å ha for de få, sier Artmark Aanensen.

Hun mener derfor det er helt sentralt at alle kan være med å bidra.

– De som har jobb, får både lønn og respekt fra andre. Dersom flere jobber, kan flere også få dette. Det er vinn-vinn for alle. Les mer om hva Normisjon gjør for å hjelpe mennesker ut av fattigdom på Normisjons nettsider: [www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)





## Dato-glimt frå kvardagen vår:

### Juni

10.-13. Holmely: «Midt i nattens mørke blinker»  
Retreat med turar til ulike fyr.

17.-19. Fjordly: Minileir (4 år- 3.kl m.følgje)  
19.juni: Teigen: Kl 1300: Utengudsteneste med grill, leik og moro. Open for alle. Arr.: Norfellesskapet/regionen.  
29.juni-3.juli: Fjordly: Tenleir, ungdsks. og vgs

### Juli:

29.-31.juli Fjordly: Familieleir  
Veke 28,29,30. Holmely. Sommar-ope for booking-gjestar!

### August:

7.-9.aug Fjordly: Tweensleir 2, 4.-7.kl



Følg oss på  
**Facebook**

Holmely | Facebook

Fjordly Ungdomssenter | Facebook

Teigen Leirstad | Facebook

Innnvik Fjordhotell Misjonsheimen | Facebook

Acta / Normisjon Sogn og Fjordane | Facebook  
Fjordly Barnehage | Facebook

Sunnfjord Folkehøgskule | Facebook

Nordfjord folkehøgskule | Facebook

### September:

23.-25. Holmely. Bibelhelg med Bibeldag på laurdagen. Rolf Kjøde.

### Oktober:

7.-10. Holmely. Temahelg «Vekkelsen vi trenger» Geir Otto Holmås

### Faste arrangement Fjordly og Holmely:

- Fjordlydag siste torsdag i månaden. Påmelding til middag
- Holmely/Fjordly: Bønnelunsj, drop-in, kvar fredag. Ta med matpakke.

Kjenn og opplev

Forfattar: Jostein Bildøy

[www.egog.no](http://www.egog.no)

# Regionkontoret

Nordstrandvegen 12, 6823 Sandane, har  
ope kontor onsdag-torsdag kl 10-15.

Regionen sine nettsider:

[www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof)  
[www.acta.no/sof/om-oss](http://www.acta.no/sof/om-oss)  
<https://www.facebook.com/normisjonsof>

Tilsette i regionen:



Jostein Bildøy  
Regionleiar  
[Jostein.bildoy@normisjon.no](mailto:Jostein.bildoy@normisjon.no)  
95 19 13 32




Stine Hopland  
Actaleiar  
[Stine.hopland@normisjon.no](mailto:Stine.hopland@normisjon.no)  
95 93 42 30



Stian Stokkebekk  
Fellesskapsutviklar Sunnfjord  
[Stian.stokkebekk@normisjon.no](mailto:Stian.stokkebekk@normisjon.no)  
40616721



Vegard Tennebø  
Fellesskapsutviklar  
Gloppen/Nordfjord  
[Vegard.tennebo@normisjon.no](mailto:Vegard.tennebo@normisjon.no)  
90642084



Fjordly barnehage  
Tlf 57 85 33 95  
[www.fjordly-barnehage.no](http://www.fjordly-barnehage.no)



Teigen leirstad  
Tlf 97 62 75 64  
[www.teigen.weebly.com](http://www.teigen.weebly.com)



Fjordly ungdomssenter  
Hildegunn Vederhus,  
dagleg leiar  
Tlf 57 85 32 25  
[www.fjordly.no](http://www.fjordly.no)  
[fjordly@normisjon.no](mailto:fjordly@normisjon.no)



Holmely omsorg og retreat  
Eva S. Langseth, dagleg leiar  
Tlf 57 85 34 25  
[www.holmely.no](http://www.holmely.no)  
[holmely@normisjon.no](mailto:holmely@normisjon.no)



Innvik fjordhotell  
Misjonsheimen  
Anna Marie S. Vatnamo,  
dagleg leiar  
Tlf 57 87 49 90 / 99 36 46 60  
[www.innvikfjordhotell.no](http://www.innvikfjordhotell.no)  
[post@innvikfjordhotell.no](mailto:post@innvikfjordhotell.no)



Sunnfjord folkehøgskule  
kontakttlf. 57 82 99 60  
[www.sunnfjord.fhs.no](http://www.sunnfjord.fhs.no)  
[kontor@sunnfjord.fhs.no](mailto:kontor@sunnfjord.fhs.no)



Nordfjord folkehøgskule  
kontakttlf. 57 86 80 40  
[www.friluftslivskulen.no](http://www.friluftslivskulen.no),  
[kontor@friluftslivskulen.no](mailto:kontor@friluftslivskulen.no)

**NORMISJON** er en evangelisk luthersk organisasjon som organiserer over 50 tusen personer over hele Norge gjennom blant annet menighetsfellesskap, foreninger, barnehager og skoler. Vi vil nå unådde og gjøre mennesker til disipler. **ACTA - BARN OG UNGE I NORMISJON** har nærmere 23.000 medlemmer over hele Norge som er organisert i lokale fellesskap. Vi vil se grensesprengende fellesskap hvor barn og unge møter, følger og ærer Jesus Kristus.

## Bøneemner:



- Takk og be for dei nye lokallaga for born og unge i regionen vår.
- Takk og be for det nye regionstyret som vart valt inn på årsmøtet i april.
- Takk og be for ungdommane som har sagt ja til å vere på Acta sitt sommarteam.
- Takk og be for Normisjon sine utsendingar til samarbeidslanda.
- Takk og be for stab og styrer i einingane våre.
- Be om at Gud skal kalle enda fleire leiarar til leir- og lagsarbeidet vårt.
- Takk for alle som står saman med oss i bøn, frivilig arbeid og økonomiske gaver.

Vipps  
enkelt og raskt å gje!

Normisjon S&F - gåve  
#15646



## Engasjer deg

Vil du engasjere deg kan du ta kontakt med ein av oss som du finn på sida «Om oss» eller du kan gå inn på [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof) og velge toppmeny «Engasjer deg».

## Gje ei gåve

Om du vil gje ei gåve og sikre deg skattefradrag samtidig er tilbodet å gå inn på [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof) og velge toppmeny «Gje ei gåve». Her kan du og velge kven du vil skal vere mottakar av gåva di. Og om det er ei enkeltgåve eller fast givarteneste.